



Anders Neteland

## Revidert tildeling av hjorteløyve 2022, Midtre Naustdal Storvald

### Vedtak:

Sunnfjord kommune tildelar hjortevaldet Midtre Naustdal 206 hjorteløyve for år 2022, i medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 18.

Avskytinga skal følgje godkjend bestandsplan.

Midtre Naustdal skal rapportere resultatet seinast 10 dagar etter jaktslutt (3.jan 2023). Rapport skal leverast via hjorteviltregisteret eller på skjema som ligg ved dette brevet.

De har klagerett på vedtaket, etter forvaltingslovas reglar. Eventuell klage skal vere skriftleg og grunngjeven. Klagefristen er tre veker frå den dagen de mottok vedtaket.

### Vedlegg i saka:

08.08.2022 Midtre Naustdal Løyve og rapportskjema 1653909

### Saksopplysningar:

I samsvar med dykkar e-post, datert 09.07.2022, vert tildeling av løyver oppdatert slik at valdet får tildelt løyver ikkje nytta tidlegare i planperioden, i tillegg til løyver i opphavslege avskytingsplanen for 2022.

### Dette vedtaket kan de påklage til Sunnfjord kommune.

*Klagefristen er 3 veker etter at de har mottoke melding om vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt den dagen fristen går ut.*

*Klaga skal vere underteikna og de skal vise til vedtaket. Vidare skal de grunngje kvifor de klagar og elles vise til den/dei endringar de ynskjer. Dersom de klagar så seint at det kan vere uklart for oss om de har klaga i rett tid, ber vi om at de gjev opp kva tid de fekk denne meldinga.*

*Forvaltningslova kapittel VI § 28-32 klargjer rettar og plikter i samband med klage på einskildvedtak.*

Med helsing

Joar Helgheim  
einingsleiar

Joar Helgheim  
einingsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

